



Fylkesmannen i Vestland

Vår dato:

29.04.2020

Vår ref:

2020/4492

Dykkar dato:

06.03.2020

Dykkar ref:

Joachim Kjelstrup

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om å auke slukeevna i Freim kraftverk i Ullensvang kommune

Fylkesmannen rår frå at det blir gitt løyve til å auke slukeevna for Freim kraftverk.

Vi viser til oversendinga 6. mars og til telefonsamtalen om utsett svarfrist til 1. mai 2020.

Bakgrunn

Freim kraftverk AS søker om å få auke slukeevna i Freim kraftverk frå 0,38 m³/s til 0,50 m³/s, noko som utgjer ei auke frå 51 til 66 prosent av middelvassføringa. Søknaden er økonomisk motivert, og vil gi ein årleg energigevinst på 0,22 GWh.

Freimselva er del av Opovassdraget, og er verna mot kraftutbygging. Stortinget har sett klare avgrensingar for kraftutbygging i verna vassdrag som er nærare omtalt i NVE Fakta 4-2008, mellom anna: *«Føresetnaden for å gje løyve er at verneverdiane ikkje vert dårlegare. Ein føresetnad for løyve vil normalt vere at vassdraget også etter utbygging har ei variert og romsleg vassføring.»*

NVE la i bakgrunnsnotatet for konsesjonen til Freim kraftverk vekt på at *«.. utbyggingen blir tilpasset vassdragets dynamikk og at det opprettholdes et mest mulig naturlig vannføringsmønster som reduserer virkningene for de allmenne interesser som er berørt.»* NVE la vidare til grunn at *«en utbygging etter alternativ 1, med en slukeevne på 73 % av middelvannføringen, ikke er forenelig med disse momentene da vannføringen nedstrøms inntaket blir redusert til minste vannføring i for stor del av tiden, spesielt ved tørrår. Flomtopper vil også bli færre og mindre enn ved et redusert alternativ.»*

Vår vurdering

Slukeevneintervallet og minstevassføringa har mykje å seie for korleis naturmiljø og landskap blir råka av ei vasskraftutbygging. For å ivareta desse interessene ved bygginga av Freim kraftverk, blei det fastsett minstevassføring på 5-persentilnivå, og alternativ 1 som ville nytte 73 prosent av middelvassføringa blei avvist.

Slukeevna det no er søkt om ligg nærare alternativet som blei avvist enn den konsesjonsgitte slukeevna. Den gjeldande maksimale slukeevna ligg allereie i øvre sjikt av det som har vanleg å akseptere i eit vassdrag verna mot kraftutbygging. Vi meiner det må vere ein høg terskel for å kunne

E-postadresse:
fmvlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665



auke vassutnyttinga i disfavør av allmenne interesser utover det som blei fastsett i konsesjonsvedtaket.

Det er vidare uheldig med etappevis justering av eit kraftprosjekt, etter at konsesjonsvedtaket er fatta gjennom ei heilskapleg vurdering av fordelar og ulemper ved utbygginga. Auka vassutnytting for Freim kraftverk, utover det som har vore vanleg ved kraftutbygging i verna vassdrag, vil også kunne skape presedens.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA